

Oppsummering innspel- planoppstart

Plannamn	Detaljregulering Fritidsbustader, Hasleneset
Plan-ID	202002
Saksnummer (Nordplan/kommune)	17267 og 2018/140
Utarbeidd av	Siri Gausemel/ Birgit Hamre Moe
Datert/revidert	30.04.20

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Synste Møre og på kommunen si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til 25.05.2018. Det kome inn 5 innspel. I tillegg er korrespondanse med Statens Vegvesen/Fylkesmannen Møre og Romsdal kort oppsummert under. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er oppsummert slik:

	Dato/avsender/gbnr	Oppsummert innspel	Nordplan sin kommentar
1	17.04.2018 Statens Vegvesen	<p>Sitat: «<i>Fartsgrensa i området er 80 km/t og trafikkmengda er i underkant av 450køyretøy pr døgn (ÅDT). Sidan det no er aktuelt å regulere området vil vi kunne akseptere ei byggegrense på 30 meter under føresetnad av at eksisterande avkjørsle stettar dei tekniske krava i vegnormalane eller vert bygd om tilsvarende. Dette må synleggerast i plankart og føresegner. I motsett fall vil vi vurdere motsegn.</i>».</p> <p>Det vert også understreka at sidearealet til vegen ikkje kan nyttast til planting og leskjerming, SVV ynskjer at sidearealet til vegen vert tekne ut av planområdet.</p> <p>Støyvarselkartet viser at arealet må vurderast nærmere etter T-1442.</p>	<p>Avkjørsle er regulert i samsvar med gjeldande vegnormal, N100 «Veg- og gateutforming»</p> <p>Fritidsbustaden som er plassert nærmest fv. 652 har i planen ein byggeavstand på om lag 20 meter frå senterlinje veg. I møte med Statens vegvesen 20.11.19 vart det opna for å vurdere ei byggegrense på inntil 15 meter frå senterlinje veg.</p> <p>Sidearealet er tatt med i plankartet, men i føresegnene står det at på arealet kan det ikkje plantast eller settast opp støyskerm</p> <p>Støytilstilling er vurdert nærmere av SWECO, og støysoner er innarbeidd i plankartet. Naudsynte tiltak skal utførast før fritidsbustadane kan takast i bruk. Dette står i føresegnene.</p>
2	30.04.2018 Mørenett	Mørenett har i dag ingen anlegg i området. Her kan det vere aktuelt med ny nettstasjon, ta kontakt ved detaljplanlegginga.	Vi er i dialog med Mørenett ang. behov
3	08.05.2018 NVE	Presenterte ein oversikt over nytige rettleiarar og verktøy. Dersom planen har følger for NVE sine saksområde skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn	<p>Det ligg føre geologisk vurdering, skred og stormflo, utarbeidd av Breiteig geosenter. Konklusjonen er at arealet ikkje er utsett for skred. Arealet er utsett for stormflo. Byggesikker høgde er sett til kote + 3,0 m.o.h.</p> <p>NVE får planen tilsendt ved off. høyring.</p>

4	11.04.2018 Møre og Romsdal Fylkeskommune	<p>Påpeikar at dei ikkje kan sjå at fritidsbustader utan vidare er i tråd med gjeldande kommuneplan slik ein skriv i varsel om oppstart</p> <p>Kan ikkje sjå at planen legg opp til føremål i samsvar med KPA. Ved planområdet er det avsett eit noverande og eit framtidig område for råstoffutvinning. Ikkje ideell nabo til fritidsbustader. Kommunen bør vurdere om område avsett til fritidsbustader i KPA bør utbyggast før planområdet.</p> <p>Rår til at regulering ikkje er til hinder for småbåthamn, ser aller helst at denne inngår i planframlegget. Ta omsyn i til føresegn 7.7. i KPA.</p> <p>Minner om informasjonsplikt ved funn av kulturminne.</p> <p>Avklare forholdet til barn og unge.</p> <p>Minner om KPA sine føresegner i fh.t. universell utforming. (Pkt 6)</p>	<p>Vi har gjort ei vurdering i høve forskrift om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningslova §§ 6, 8 og 10, jf. planomtalen. Konklusjonen er at ein i utgangspunktet ikkje kan sjå at endringa frå næring til fritidsbustadar vil kunne få vesentlege verknader for miljø og samfunn.</p> <p>Vanylven kommune viser til at føremålet vil bli endra til byggeområde for fritidsbustadar i framlegg til ny kommuneplan (jf. oppstartsmøtet), og i den vurderinga ligg då at ein ikkje lenger ser behov for arealet på sørsida av fv. 652 (E8 i gjeldande kommuneplan) til næringsføremål.</p> <p>Utbygging i samsvar med planframlegget hindrar ikkje mogleg vidareføring av tilkomstveg til ev. framtidig etablering av småbåthamn nordvest for planområdet.</p> <p>Det er ikkje kjende kulturminne/-miljø på staden. Dersom ein likevel skulle finne automatisk freda kulturminne i anleggs- og byggefasein, er rutine rundt dette med stopp av arbeid og varsling sikra gjennom reguleringsføresegnene.</p> <p>Barn og unge sine interesser er ivaretaken gjennom betre tilgang til eit meir attraktivt opparbeidd sjønært areal og betre tilgang til strandsona. Fellesareal skal også nyttast som leikeareal.</p> <p>All planlegging og utbygging innanfor planområdet skal basere seg på prinsippet om universell utforming. Dette er forankra i reguleringsføresegnene.</p>
5	11.04.2018 – Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<p>Det må gjerast ei vurdering av konsekvensane av å endre arealbruken frå næring til fritidsbustader.</p> <p>Det må fastsetjast ei strandsone mot sjø som sikrar høve til ferdsel og rekreasjon mellom sjøen og fritidsbustadene.</p> <p>ROS analyse skal utarbeidast.</p> <p>Det må gjerast ei støyfagleg utgreiing.</p>	<p>Sjå svar til merknad 4.</p> <p>Fritidsbustadane er plassert langs sjøkanten der strandsona er minst tilgjengeleg pga. høg plastring. Det er i planen i staden lagt vekt på god tilgang til fellesareal open for ålmenta, samt dei urørte og mest attraktive delane av strandsona.</p> <p>ROS analyse følgjer plansaka</p> <p>Det er utført ei støyfagleg vurdering, SWEKO 21.02.20.</p>

	<p>Ureiningssituasjonen i grunnen må avklarast. Dersom ein finn at grunnen er ureina må ein planlegge grave og anleggsarbeid slik at ureininga ikkje vert spreidd. Bygge og gravesaker må handsamast etter Forureiningsforskrifta kap 2, og kommunen er ureiningsmynde for bygge og gravearbeid.</p>	<p>Ein kjenner ikkje til ureining av grunnen (Vanylven kommune). Det er lagt inn eit krav i reguleringsføresegnene om å følgje Forureiningsforskrifta kap 2. dersom ein likevel skulle avdekke ureining i grunnen i anleggs- og byggfasen.</p>
--	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------